



MØTEBOK SOKNERÅDSMØTE RUGSUND SOKNERÅD,

Ellen Isane Rune Leirgulen Eldrid Strømmen
Dagfrid Leirgulen Roy Cato Edvardsen Siri Kolseth

Sak 25 /17 **Saka har blitt behandla pr mail mellom medlemane**

Høyingsuttale om nye reglar til kyrkjeval(sokneråd, bisperåd, kyrkjemøte)

Rugsund sokneråd har lese gjennom utkastet sendt ut av Den Norske Kyrkje den 27.03.17.

Vi har fyljande forslag:

Valordning

Ved val til bispedømeråd og kyrkjemøte bør alle medlemane verte valt med direkte val.

Personvalreglar

Det må haldast fast på å kunne gje tilleggsstemmer, avgrensa til tre, og samtidig ha ei sperregrense for personval lik den som er på fylkestingsvalet, 8 %. Det vert ikkje opna for førehandskumulering/stemmetillegg.

Valkrinsar/Stemmegeving

På valdagen kan ein berre stemme i det soknet ein høyrer til.

Dette vart einstemmig vedteke.

Ref
Ellen Isane

